

Denne orienteringa er eit samandrag av gjeldande reglar og vedtak fatta av Lom fjellstyre i medhald av §§ 23 og 25 i Fjelleva av 6. juni 1975. Fjellstyret ber småviltjegerane setje seg nøye inn i, og respektere reglane som gjeld.

1. Jakttider.

Rype: 15.9. – 28./29.2.

Jerpe, orrfugl og storfugl: 15.9. – 23.12.

Hare: 15.9. – 28/29.2.

Andefuglar og rugde: 15.9. – 23.12.

På småviltjaktkort kan det forutan dei nemnde artene, jaktast på dei artene som det i forskrift frå Direktoratet for naturforvaltning er gjeve høve til å jakte på i området. Jaktstart er den 15.9., unnateke dei artene som rovvilt-kortet gjeld for.

2. Jakt med hund.

Jakt med ståande fuglehund er tillate i tida 15.9. – 23.12*

Jakt med harehund er tillate i tida 15.9. – 23.12*

(Opphald første veka av elgjakta, 25.9.-1.10.)

Jakt på raudrev med laushund i tida 11.10. – 15.4*

*Det er avgrensing i tidsrom og tal kort til utanbygds jegerar. Dette framgår på jaktkortet.

Jaktkort for jakt med hund gjeld bruk av ein hund. Alle som jaktar bak hund, må ha jaktkort for jakt med hund.

Det er lov å bruke berre ein hund pr. kort pr. dag.

Jeger med hund skal ha gyldig bevis for bestått saueprøve med hunden. Dette skal jegeren ha med seg på jakta.

Fjellstyret minner om at det i Lom kommune er bandtvang etter bufelova fram til 1. oktober. Jakthundar som under lovleg jakt er forsvarleg fylgt av eigar eller brukar, er unnateke dette.

Ved jaktstart går det ennå att beitedyr i utmarka, og allmenningsområda er beiteområde for tamrein. Vis omsyn til dette under jakta, slik at unødige konflikthar ikkje oppstår. Meld gjerne frå om beitedyr som går att i fjellet i jakttida.

3. Jaktområde.

For utanbygds jegerar med hund er allmenningen inndelt i jaktfelta A og B. For jegerar utan hund gjeld det inga feltinndeling.

Felt A: Den austlege delen av allmenningane med Veodalen, Tesse og Sålellsområdet, samt Smådalen.

Felt B: Den vestlege delen av allmenningane med Visdalen, Leirdalen og Bøverdalen.

4. Jaktkort – kvotar.

Jakt og fangst i statsallmenningane kan berre drivast mot løysing av jaktkort. Jaktkort og gyldig jegeravgift skal på forlangande kunne leggjast fram ved utøving av jakta.

Utanbygdsbuande utan hund:

I perioden 15/9 – 29/9 er det avgrensing i sal av jaktkort. Tidsrommet er delt i tre periodar, og det er ein kvote på 50 kort kvar periode. Frå den 30.9. er det fritt sal av jaktkort om ikkje anna vert bestemt.

Utanbygdsbuande med hund:

Rypejakt

Felt A: 10 kort i tida 15.- 21.9., 10 kort i tida 22.-28.9.

Felt B: 5 kort i tida 15.- 21.9., 5 kort i tida 22. - 28.9.

Det er ikkje tillate med småviltjakt med hund for utanbygds jegerar frå den 29.09. Unntak harejakt med hund.

Harejakt

Jaktkort kan kjøpast på inatur.no

Harejegerar med hund kan fritt kjøpe seg sesongkort gjeldande frå 11.10-23.12.

Rovviltjaktkort:

Fjellstyret har eit eige kort for jakt berre på små rovvilt: grevling, mårhund, mår, mink, røyskatt, raudrev, kråke, ravn, skjære, nøtteskrike, gråmåke og svartbak.

Dei som har gyldig småviltjaktkort, rådyrjakt i allmenningen eller deltek på lag som har elg- og hjortejakt, treng ikkje eige rovviltkort.

Rovviltkortet vert seld på www.inatur.no

5. Dagskvotar eller innskrenking av jakttid.

Dagskvotar og/eller innskrenking av jakttid eller område kan bli innført. Det vert teke stilling til dette etter gjennomføringa av rypetakseringa i aug./sept. Det vil bli lagt ut informasjon på heimesida vår www.lom-fjellstyre.no og www.inatur.no. Jegerane pliktar å gjera seg kjent med desse reglane

Fjellstyret kan av bestandsmessige grunnar innskrenke jakttida etter jaktstart, viss dei finn dette nødvendig. I så fall vil det ikkje bli refundert noko av kortprisen til dei som har løyst jaktkort. Ved kjøp av jaktkort aksepterer jegeren desse føresetnadene.

6. Førstegongsjegerar.

Småviltjegerar under 16 år som er under opplæring, og jaktar saman med tilsynsperson, slepp å løyse jaktkort. Tilsynsjegeren må ha gyldig jaktkort.

Fyrstegongsjegerar får gratis jaktkort for småviltjakt. Dette må dokumenterast med bevis for avlagt jegereksamen. Fjellstyret oppmodar fyrstegongs-jegerar om å jakte saman med ein erfaren jeger dei fyrste jaktturane.

7. Prisar og korttypar

Innanbygds	med hund	utan hund
1-døgns kort	kr. 225	kr. 150
5-døgns kort	kr. 665	kr. 565
Sesongkort	kr. 1200	kr. 1000

Sesongkort for jakt med hund gjeld og for jakt utan hund i månadene januar og februar.

Utanbygds	med hund	utan hund
1-døgns kort		kr. 280
5-døgns kort	kr. 1500*	kr. 1130
Sesongkort		kr. 2000**

*vekeskort **Prisane gjeld frå den 30.9. etter at salet av jaktkort er fritt.

NB. Utanbygds jegerar som har 5-døgns kort før 30.9. og ønskjer kort ut jaktseasonen, betaler 1000 kr i tillegg for å få utskrive sesongkort.

Prisar for harejakt med hund for utanbygds:

Sesongkort 11.10-23.12: kr.1000

Rovviltkortet: kr. 50,- for heile sesongen.

Prisane er vedteke av Lom fjellstyre, sak nr.11/2024, og ligg innanfor dei prisrammene MD har sett.

Ver merksam på at prisane kan endrast utan at korrigering vert gjort i denne orienteringsfoldaren.

8. Fangst

For innanbygdsbuande er det opna for snarefangst av rype og fellefangst, etter føresegnane i Viltlova med tilhøyrande forskrifter.

Småviltjaktkortet gjeld også for fangst. Alle feller skal merkast med namnet på brukaren.

NB! Snarefangst av ryper skal meldast til viltneimnda før fangsta tek til.

9. Jakt- og fangstrapportar.

Fangstoppgavene frå jegerane er eit viktig middel i forvaltningen av småviltressursane. Legg derfor vekt på å få desse så korrekte som råd. Rette opplysningar er nødvendig for best mogleg å kunne analysere tilhøva, og på dette grunnlag gje jegerane eit godt jakttilbod.

Jegerar som ikkje leverer inn jaktrapport kan utelatast frå jakt seinare. Frist for innlevering er den 1. april.

10. Anna.

Vis omsyn til andre jegerar og anna jaktutøving, og til andre former for fritidsutøving. Ferdast med omtanke i naturen, og forlat områda slik du sjølv ønskjer å finne dei.

Tomhyller og anna søppel skal ikkje ligge att i naturen.

Fjellstyret har også fleire hytter som er til utleige for bl.a. jegerar og fiskarar. Opplysningar om dette finn du på heimesidene våre, www.lom-fjellstyre.no og på www.inatur.no

Fjellstyret ynskjer jegerane ei god jakt, og ber dei etterkome dei påboda og reglane som gjeld for jakta.

Kontakt:

Kontorstad: Norsk Fjellsenter, Brubakken 2, 2686 Lom
Fjelloppsyn Åsmund Galde: mobil 92893226
Sesongoppsyn Eilev Hellekveen: mobil 99712939

e-post adr.: lom@fjellstyrene.no

SMÅVILTJAKT

i Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning.



2023